



Karoline Neset på SPAR presenterer Uskedalsbrødet i pose. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalsbrødet, som uskedelingen Jan Eik har baka sidan årsskiftet og som blir seld på SPAR, har vorte ein udiskutabel suksess. Og no blir suksessen kanskje enda større, for brødet har fått ein verdig og skikkeleg innpakning. No er også posen på plass!

Naturleg nok er det vinnande slagordet til Birger Myklebust ('Det finnst ikkje maken, Uskedalsbrødet, du kjenner det på smaken') eit dominerande element på posen. Det er også fjellprofilen til Tor Myklebust som er henta frå Aktivitetshuset og som også er symbolet over uskedalen.no.

Ein person til skal nemnast i denne samanhengen - det er Magnhild Haugland. Det er ho som er ansvarleg for posens design, for å nytta eit moderne uttrykk. På baksida av han kan ein lesa kva brødet inneheld.

Av Ola Matti Mathisen

